

Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:

14/375 - 1 / AMV

Dato:

03.03.2014

Norsk ordbokpolitikk

Vi viser til brev frå Kulturdepartementet 5. september 2013 med ønske om ei utdjupande vurdering av ein del sider ved den ordbokpolitikken Språkrådet tok til orde for i sitt brev 26. august 2013. Svikt i postgangen gjorde at dette brevet dverre ikkje var kjent for Språkrådet før styremøtet 12. september. Kulturdepartementet sende også brev 24. september og 3. oktober med spørsmål om nokre andre sider av saka.

Styret fekk dermed ei første sak om desse breva på bordet til møte 12. desember 2013. Departementet opna for at sakene kunne handsamast samla eller delt. Med tre brev til oppfølging fann Språkrådet det føremålstenleg å gjere dette mest mogleg samla av di mange spørsmål heng nøye saman i denne store saka. Ei slik handsaming tente også til å klargjere nokre slike samanhengar for vår eigen del.

Styret drøfta heile saka i møte 11. februar 2014, og det er eit samla styre som står bak dei overordna synspunktene i dette brevet. Synspunktene blir utdjupa i «Norsk ordbokpolitikk. Notat fra Språkrådet til Kulturdepartementet 3. mars 2014», som ligg ved. Styret drøfta utkast til dette dokumentet 11. februar, men omfanget har gjort det praktisk umogleg å vedta dette som eit styredokument. Notatet er difor skrive ferdig av sekretariat, og styreleiaren har sett gjennom det heile før det no blir sendt.

Svar etter prosess

I breva bed departementet om utfyllande svar, synspunkt og tilrådingar på fleire overordna spørsmål. I notatet svarar vi på desse i ulike kapittel:

1. Omtale av og skisse til løysing for bevaring og utvikling av språksamlingane (kap. 1)
2. Organisering av vidare vedlikehald av standardordbøkene (kap. 2)
3. Kommersiell bruk av elektroniske handordbøker (kap. 2)



POSTADRESSE
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO

KONTORADRESSE
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

TELEFON
+47 22 54 19 50
TELEFAKS
+47 22 54 19 51

E-POST
post@sprakradet.no
Org.nr.
971527404

INTERNETT
www.sprakradet.no
www.språkrådet.no

4. Faglege, språkpolitiske og økonomiske vurderingar av eit utvida ordbokprosjekt for bokmål/riksmål (kap. 3)
5. Utdjuping av situasjonen for Norsk Ordbok (kap. 4)
6. Godkjenning av ordlister og ordbøker til skulebruk (kap. 5)
7. Nynorsk i tospråklege ordbøker (kap. 6)

Det står att å vurdere rapporten om stadnamnsamlingane. Dette arbeidet er i gang, og styret tek sikte på å sende denne vurderinga før 10. april.

Departementet har også bedt om ei drøfting og vurdering av «kostnadsmessige spørsmål» ved eit utvida prosjekt for bokmål/riksmål. Denne sida av saka kunne ikkje fullførast til styremøtet 11. februar, og saka blir difor drøfta på neste styremøte 3. juni.

Fagråd og sekretariat har samarbeidd nært om grunnlaget for det notatet som ligg ved. Fleire interesserantar og aktørar har teke kontakt med Språkrådet administrativt både etter ordbokseminaret i fjor vår og etter at vi sende brevet vårt i august. Slik kontakt gir oss verdfullt innsyn i kva som er viktige problemstillingar for andre, og kva andre kan ha å tilby.

Både sekretariatet og styret har i denne saka brukt mest tid på punkt 1 og 4 ovanfor.

Organisering av språksamlingane

Det er ei tverrdepartemental oppgåve å sikre språksamlingane. Vi er i tvil om kva som skal til for at eit eller fleire universitet vil satse vidare på dette arbeidet, men vi er sikre på at ein ikkje må miste kontakten mellom dei språkvitskaplege miljøa og dei miljøa som arbeider med språksamlingar.

Det er svært viktig at språksamlingane blir forvalta av ein permanent og sikker organisasjon. Språkrådet meiner eit forskings- og dokumentasjonssenter med vitskaplege medarbeidarar er den beste løysinga. Eit slikt senter kan etablerast anten med tilknyting til eitt universitet, til Språkrådet eller som ein sjølvstendig institusjon med eigne vedtekter, eigen administrasjon og eige budsjett. Skal det leggjast til Språkrådet, krev det endringar i føresetnadene for oss, særleg når det gjeld vitskapleg arbeid, men vi meiner også den løysinga er aktuell.

Språkrådet legg stor vekt på at saka får ei løysing som ikkje avgrensar den posisjonen Språkrådet har etter vedtekten, og som ikkje svekkjer dei rettane Språkrådet forvaltar i denne saka.

Vi ønskjer at Språkrådet kan spele ei sentral rolle i det vidare arbeidet med saka, og vi utgreier gjerne sider av saka nærmare i samråd med departementet.

Ordbokverk for bokmål

Prosjektet *Bokmålets og riksmalets ordbokverk* er framleis under utvikling, og det går fram av brevet frå departementet at all nødvendig dokumentasjon enno ikkje ligg føre. Språkrådet har valt å konsentrere seg om nokre hovudpunkt.

Der Språkrådet eventuelt ikkje kunne gi ei «entydig, begrunnet anbefaling» om eit slikt prosjekt, bad departementet om at vi klarla «premisser for og konsekvenser av ulike handlingsalternativer» (s. 3).

Eit samla styre vil framheve desse krava til eit slikt verk:

- a) Eit bokmålsprosjekt må tilfredsstille dei same vitskaplege krava som har vore bruke for andre store ordbokprosjekt, til dømes *Norsk Ordbok*.
 - b) Det må stillast høge krav til korpus, slik at ein får mest mogleg att for dei offentlege midlane som må satsast.
 - c) Korpus og andre språkressursar som blir utvikla i og for dette prosjektet, skal vere utan eksklusive rettar for nokon og tilgjengelege for alle, slik Norsk ordbank gjer det i dag.
 - d) Eit bokmålsprosjekt må organiserast slik at Språkrådet framleis står for den formelle og faktiske normeringa av bokmål.
 - e) Offentlege midlar må givast til eit leksikografisk miljø som står fritt til å leve tenester til ulike aktørar og interesser.
 - f) Prosjektet *Bokmålets og riksmalets ordbokverk* er ei av fleire moglege måtar å formidle det leksikografiske innhaldet på. Same kva løysing som blir vald, må denne tilfredsstille dei same krava som er stilte ovanfor.

Språkrådet ser fram til vidare drøftingar med Kulturdepartementet, ordbokmiljøet og brukargrupper om dei store spørsmåla som melder seg når ein samla ordbokpolitikk blir sett på saklista.

Venleg helsing

Ottar Grepstad
styreleiar

Arnfinn Muruvik Vonen direktør

Mottakarliste:
Kulturdepartementet Postboks 8030 Dep 0030 OSLO

Vedlegg:
Notat om norsk ordbokpolitikk 17191 03.03.2014

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.